

## Vakkert på kyrkjegarden.

18.04.2015



**Det betyr mykje for oss at det er fint og velstelt på kyrkjegarden. Når det er gudsteneste med konfirmantsamtale søndag, er det eit vakkert syn som møter konfirmantane og resten av kyrkjelyden når dei kjem inn kyrkjeporten. Kraftige, gule påskeliljer dominerer på dei velstelte gravene. Innimellom vert det krydra av blomar i andre kolørar.**

Ein lesar har oppfordra oss til å prøve å formidla dette vakre synet til lesarane. Dette klarar vi ikkje til fulle. Til det er ikkje bildekvaliteten god nok. I tillegg verkar skuggar frå kveldssola inn. Vår oppfordring vert derfor: Ta turen og opplev det.



Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland.